



# HJELMELAND KOMMUNE

15. mars 2020

**Kommuneoverlegen i Hjelmeland gjer følgande vedtak etter smittevernlova paragraf 4-1 5.ledd for å stoppe spreiing av Covid-19 og bidra til å oppretthalde naudsynte helse- og omsorgstjenester**

1. Alle som kjem til Hjelmeland kommune, som har oppholdt seg i områda nevnt i punkt 2, blir ilagt karantene i 14 dager etter at dei kjem til kommunen.
2. Vedtaket gjeld alle som har vore utanfor Rogaland. Det gjeld også om du har vore i følgjande kommunar i Rogaland: Karmøy, Haugesund, Randaberg, Sola, Sandnes (unntatt gamle Forsand kommune), Stavanger (unntatt gamle Rennesøy og Finnøy Kommune), Hå, Time og Gjesdal.
3. Gjennomreisande bør så langt det lar seg gjere reise privat og unngå kontakt med dei som oppheld seg i kommunen.
4. Reisande med symptom skal umiddelbart i isolering og kan ikkje bruke offentleg transport
5. For personar som utviklar sjukdom eller symptom i karanteneperioden, gjeld myndighetene sine gjeldande føringar for konvertering av karantene til isolasjon.
6. Medisinsk naudsynt besøk til spesialisthelsetenesta blir ikkje rekna som opphold i områda nemnt i punkt 2.
7. Førar og personell av varer og passasjertransport blir unnateke frå karantekravet frå dette vedtaket, men nasjonale føringar for karantene og isolasjon gjeld. Dette omfattar også personell som er naudsynt for å gjennomføre transporten.
8. Leiinga av verksemder som er lista opp etter DSB sin definisjon av samfunnskritiske funksjoner blir gitt adgang til å gjere unntak for eige nøkkelpersonell når dette er strengt naudsynt for å oppretthalde forsvarleg drift av kritiske samfunnsfunksjonar.
9. Det er ikkje utreiseforbod.

Me presiserer at dersom du reiser til eitt av områda i punkt 2, kjem du i karantene når du kjem heim igjen.

Dersom du pendlar til ein arbeidsstad innanfor eit av områda i punkt 2, må du halde deg i karantene så lenge du er innanfor Suldal kommune.

Vedtaket har verknad frå og med 15.3.2020 kl. 21.00 og gjeld inntil nytt vedtak er fatta.

## Rettsleg grunnlag

Smittevernlova paragraf 4-1 5.ledd gir kommuneoverlegen heimel til å sette i verk ulike tiltak i hastesaker når det er naudsynt for å forebygge ein allmennfarleg smittsom sjukdom eller motvirke at den blir overført i befolkninga.

Grunngjeving:

Covid-19 er erklært som eit alvorleg utbrot av allmennfarlege smittsomme sjukdom som kan få alvorlege helsekonsekvenser for mange mennesker. Sjukdommen er også erklært som ein pandemi og ein alvorleg hending av betydning for internasjonal folkehelse av verdens helseorganisasjon.

Helsedirektoratet vedtok 12.3.2020 omfattande tiltak for å hindre spreiling av Covid-19 og for å bidra til å oppretthalde naudsynte helse- og omsorgstjenester. Formålet er å begrense spreiling av smitte lokalt, nasjonalt og internasjonalt. I tillegg er det for å beskytte helsepersonell og anna samfunnskritisk personell mot smitte og sjukdom.